

Radøy kommune

Saksframlegg

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 034/2019 | Formannskapet i Radøy | PS | 19.09.2019 |

| Sakshandsamar | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|---------------|--------------|--------------|
| | 19/1715 | 19/12633 |

Kulturminnefondet 2019

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Midlar frå Radøy kommune sitt kulturminnefond skal nyttast til å ta vare på verdifulle og verneverdige kulturminne i kommunen. Det er avkastninga på fondet som kan nyttast, og denne er for 2019 stipulert til å verta 25 800 kroner.

Statuttane for Radøy kommune sitt kulturminnefond seier at midlar skal løvvast til prosjekt som vil eller har utløyst eksterne midlar frå andre offentlege instansar og/eller private verksemder. Vidare skal kulturminne som er prioriterte i kulturminneplan, kulturplan og kommuneplan prioriterast ved tildeling av midlar frå fondet. Rådmannen legg også vekt på at arbeidet skal utførast etter antikvariske prinsipp, og gjerne i tett dialog med kulturverntenesta i Nordhordland eller andre faginstansar.

Kulturminnefondet skal normalt ikkje bidra til meir enn 35 % av godkjend kostnadsoverslag. I særskilde tilfelle, avhengig av eigar sin nytte/økonomiske situasjon, kan kulturminnefondet bidra med inntil 50 % av godkjend kostnadsoverslag.

Det er kome inn éin søknad.

Vurdering

Arvid Nøttveit søker om kr 25 000 til ei løe på gnr 49/4 på Nøttveit. Løa skal vera reist i 1870 og primærkonstruksjonen er stav-/grindbygg med tørmurar mellom anna i langveggen mot sør og i gavlen mot aust er det tørrmur. Denne byggjemåten gjer løa til ein flott representant for steinhusarkitekturen i vårt område.

Det er fleire lekkasjar på løa, og det er difor naudsynt å byta tak for å redda løa. Totalkostnaden på dette prosjektet er utrekna til å vera kr 131 900.

Løa og den gamle lemstova i tunet, som og har vernemur i tørrmur, representerer eit typisk tun frå 1800-talet slik dei vart etter jorskiftereforma/utskiftinga. På bakgrunn av dette er begge desse bygningane plasserte i vernekasse B i kulturminneplanen.

Rådmannen rår til at Arvid Nøttveit får 25 000 kroner til restaurering av løa på Nøttveit.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Arvid Nøttveit får kr 25 000 frå Radøy kommune sitt kulturminnefond til restaurering av løa på gnr

49/4.

Vilkåra for utbetaling av midlane er sett i statuttane for kulturminnefondet.

Formannskapet i Radøy - 034/2019

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Arvid Nøttveit får kr 25 000 fra Radøy kommune sitt kulturminnefond til restaurering av løa på gnr 49/4.

Vilkåra for utbetaling av midlane er sett i statuttane for kulturminnefondet.

Vedlegg:

Søknad steinløe på Nøttveit - gnr 49 bnr 4 – Radøy kommune

Nøttveit uttale

Kostnadsoverslag - Nøttveit

Steinløe på Nøttveit finansieringsplan

Statuttar for Radøy kommune sitt kulturminnefond